

VEDTEKTER FOR SKOLEFRITIDSORDNINGA I KARMØY

A Eigartilhøve

Karmøy kommune skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1. - 4. klassetrinn. Karmøy kommune oppretter og står som eigar av skolefritidsordningane i kommunen. Dei stadene det ligg til rette for det, er kommunen positiv til at det blir sett i gong private skolefritidsordningar. Desse må i tilfelle godkjennast av kommunen

B Opptaksmyndigheit

Kommunen har opptaksmyndigheit. Foreldre/føresette søker plass ved dei enkelte skolefritidsordningane. Kvar skolefritidsordning pliktar å orientere foreldre/føresette om dei har fått plass.

C Opptakskriterie

Det må søkjast om plass kvart år. Kommunen fastset ein frist for påmelding. Alle søkjarar får i utgangspunktet plass, men ein kan måtte avvise søkjarar dersom det etter fellesopptaket er fullt.

D Opptak/oppseiing/ending av opphaldstid

Påmeldingsfrist blir sett til 1. april. Det er bindande påmelding for hausthalvåret, det vil seia til og med 14. januar. Dersom ein ikkje gir beskjed innan 15. desember om oppseiing eller ending av opphaldstid, har ein automatisk same og bindande plass til og med 14. juli.

E Foreldrebetaling

Kommunen skal dekke kostnadene til lokale, blant anna husleige, lys, varme, reinhald og vaktmeister - innan normal arbeidstid -, uteareal og dei administrative kostnadene i samband med skolefritidstilbodet. Den øvrige delen av sjølvkost som ikkje blir dekket av statstilskottet, betalast av foreldra.

Betalingssatsane blir fastsett av kommunestyret. Foreldrebetaling krevjast inn for 11 månader. Det er søskenmoderasjon. Søskenmoderasjonen er på 50 % av gjeldande satsar, og gjeld for barn nummer to og fleire.

Søkjarar med bruttoinntekt under 3G kan søkje om moderasjon (halv betaling).

F Leike- og opphaldsareal

Skolefritidsordningane står fritt til å nytte skolen sine samla inne- og uteareal etter avtale med rektor.

G Opphaldstid

Skolefritidsordninga er i utgangspunktet open 11 månader i året. For mindre ordningar kan det vere formålstenleg å fylgje skoleruta. I andre ferieperiodar slår ein saman skolefritidsordningane og eventuelt barnehagar for å utnytte kapasiteten på ein best mogeleg måte. Skolefritidsordninga kan i tillegg vere stengt i inntil fem planleggjingsdagar i løpet av SFO-året.

H Bemanning og leiing

Det kan vere inntil 15 barn pr. vaksen. I kvart tilfelle der elevtalet utløyser nye grupper bør det vurderast kor mange timar den siste gruppen skal utløyse, og saka leggjast fram for hovedutval skole og kultur. Det er elles tilsett miljøarbeidarar i skoleverket/SFO, og ein av desse er "leiande miljøarbeidar" med avsett tid til å koordinere arbeidet.

Kommunestyret gir Hovedutval skole og kultur fullmakt til å endre vedtektene når det er naudsynt, og det ikkje medfører vesentlege økonomiske konsekvensar.